

Sveinung Toft  
Stranda 435  
5993 Ostereidet

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/3025 - 22/36635

Saksbehandlar:  
Mari Emilie Pettersen Hagenlund  
mari.emilie.pettersen.hagenlund@alver.  
kommune.no

Dato:  
11.05.2022

## **Vedtak om tilskot til drift av skog med lang transport - gbnr 18/5 Toft**

**Administrativt vedtak: Saknr: 531/22**

### **VEDTAK:**

**Med heimel i forskrift om Nærings- og miljøtiltak i skogbruket.**

Alver kommune løyver inntil kr 41 600,- NOK i tilskot til lang transport/drift i vanskeleg terrenget på følgande vilkår:

- Ettersom det ikke er utført MIS registrering skal føre-var tiltak fra Levende Skogs standard følges ved drift.
- Skogeigar skal sørge for at alderskravet er oppfylt ved avverking.
- Det kan berre utbetalast tilskot når drifta blir gjennomført utan særleg skade på spesielle miljøverdiar i området.
- Avvirkning av arealet utløyer foryngelsesplikt.
- Tilskot blir utbetalt ved innsending av utbetalingsanmodning med dokumentasjon på kvantum.

Eventuelt ubrukt løyving vert trekt tilbake, eller det kan gis tilleggsløyving for overskytande kvantum.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

### **Saka gjeld**

Sveinung Toft har søkt om tilskot på totalt 41 600,- NOK for lang transport i terrenget med lastbærer ved avverking av skog på GBNR 18/5. Drifta er estimert til å avverke ca. 2080 m<sup>3</sup> gran på totalt 40 daa. Arealet er ei bratt liaside mot Hindenesfjorden som var planta kring

#### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no  
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

1950-1960 og det vil vera eit krevjande terregn å bygga veg i. Lang transport er difor vurdert som eit godt alternativ.

Tilskotet vert gitt til hogst på bratt og vanskeleg terregn.

Det er kommunen som løyver tilskotet, men det er statsforvaltar som avgjer ramma til kommunen. I samråd med statsforvaltar vart ramma til tilskotsmidlar auka for dette prosjektet. Løyvd tilskot blir utbetaadt ved innsending av utbetalingsanmodning med dokumentasjon på kvantum.

#### **VURDERING:**

I NMSK-forskrifta står det: «*Det kan gis tilskudd til utdrift av skogsvirke med taubane, hest o.a. Tilskudd kan bare gis der det er foretatt registrering av miljøkvaliteter i området. I områder der det ikke er foretatt miljøregisteringer, skal det stilles krav om gjennomføring av de føre var-tiltak som er nedfelt i Levende Skogs standarder*».

Tilskot til drift i vanskeleg terregn skal berre gjevest når drifta blir gjennomført i hogstmoden skog og på ein slik måte at det blir tatt omsyn til skogens funksjonar i høve til biologisk mangfald, landskapsverdiar, kulturminneverdiar og friluftsliv.

Tilskot kan berre gjevest der det er gjennomført registrering av miljøkvalitetar (MiS) i området, eventuelt krav om gjennomføring av dei føre var- tiltaka som er nedfelt i Levende Skogs standardar.

Lågaste alder for å motta tilskot:

Bonitet	Lågaste totalalder (år)	Tillegg til alder målt i brysthøgde
G26 og betre	55	+10
G23	60	+12
G20	70	+13
G17	80	+14
G14	90	+16

Andre avgrensingar

Det kan berre utbetalast tilskot når drifta blir gjennomført utan særleg skade på spesielle miljøverdiar i området.

Det skal ikkje gjevest tilskot:

- dersom skogsdrifta kan motvirke utbygging av eit rasjonelt vegnett innan eit naturlig avgrensa driftsområde
- til område som skal brukast til andre formål enn landbruksproduksjon.

Relevante databasar som kilden.nibio og naturbase har vorte sjekka for MIS registreringar og andre registreringar av rødlista artar, kulturminne, kulturlandskap, friluftsliv etc., men det er ingenting registrert på eigendommen. Det er heller ingen skogbruksplan for eigedomen, noko som tilsei at området ikkje er kartlagt.

Eftersom det ikkje er utført MIS registrering vil det derfor verta som eit vilkår for å motta tilskot at føre-var tiltak frå Levende Skogs standard skal følgjast

Det meste av bestanden ser ut til å vera hogstmoden. Skogeiar har mykje erfaring og informerer om at skogen vart planta på 50-60 talet. Bestanden består av skog på særhøg og høg bonitet, så det tilsei at alderskravet er oppfylt.

Det vert likevel stilt krav til at skogeigar og entreprenør sørger for at alderskravet er oppfylt ved avverking som eit vilkår for å motta tilskot.

## **Regelverk**

Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven).  
Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.

## **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

## **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Mari Emilie Pettersen Hagenlund  
Sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## **Mottakarar:**

Sveinung Toft

Stranda 435

5993 Ostereidet